



ÅRSHEFTE
2012



Kaare Wensaas til minne

*På årsmøtet 3. september 2011 heldt Arne Skogheim
denne minnetala ved opninga av møtet:*

Kaare Wensaas, styremedlem i Olav Sletto selskapet frå starten i 2001, døydde den 7. august 2011 etter ei tids sjukdom. Med Kaare er ein sann kulturperson borte. Me kan trygt slå fast at utan Kaare hade det neppe vorte starta noko Olav Sletto-selskap.

Det var Kaare som i fyrste rekkje sto bak skipinga av Olav Sletto-seminaret hausten 2000, der Jul Haganæs kasta fram tanken om eit Olav Sletto-selskap. Det var ein sjølvsgt ting at Kaare skulle vera styremedlem i selskapet som vart skipa etter seminaret, eit verv som han hadde heilt fram til han døydde.

Kaare Wensaas var genuint oppteken av kulturvern i vid meining. Han vart den

fyrste leiarer då Hol kommune oppretta eige kulturutval, og både som kulturpolitkar, som ungdomssekretær og ikkje minst som leiar av Folkeakademiet i Hol, var han ein ihuga pådrivar og arrangør av kurs, foredragskveldar, seminar og andre kulturarrangement.

I Kaare Wensaas hadde Olav Sletto-selskapet ein framifrå styremedlem med ei stor kontakflate som han også let oss andre dra nytte av. Me vil sakne Kaare sin entusiasme og hans smittande engasjement, og me vil minnst han som den rotekta kulturforkjemparen han var.

Me reiser oss og minnst vår ven Kaare med eit minutt stillheit.



INNHALD

Eit lite attersyn.....	5
Tankar ved eit jubileum.....	9
Kronikk av Britt-Mari Sletto	
Helsing frå Vera og Anne Karene Sletto	13
Helsing frå Osvald Medhus ved jubileet	15
Helsing frå Arild Mikkelsen.....	17
Olav Sletto og folkehøgskolen	
Olav Sletto sine glør anno 1930	21
Av Arild Mikkelsen	
GLØR.....	25

EIT LITE ATTERSYN

av Arne Skogheim



Når eg no etter 11 år finn tida inne til å trekkja meg attende frå styret i Olav Sletto-selskapet for å la nye, dugande folk halda fram med arbeidet, kan det gjerne vera av ei viss interesse å sjå attende på noko av det som har skjedd i desse fyrste driftsåra.

Bakgrunnen for skipinga av Olav Sletto-selskapet har Kåre Olav Solhjell gjeve ei grundig innføring i i årboka som selskapet gav ut i 2002. Her minner eg berre om at det var Kaare Wensaas som tok initiativet til Sletto-seminaret i år 2000. På dette seminaret kasta valdresdiktaren Jul Haganæs fram tanken om å skipa eit litteraturselskap for å fremja interessa for Olav Sletto si dikting, og eg som programleiar tok hansen og lova å arbeida vidare med tanken.

3. mars 2001 vart det så halde skipingsmøte, og det fyrste styret vart vald: Arne Skogheim (leiar), Turid Birgit Lien (nestleiar) og styremedlemene Jul Haganæs, Kåre Olav Solhjell, Per Lilleslett og Kaare Wensaas. Det vart laga vedtekter for selskapet, og arbeidet var godt i gang.

Då Jul Haganæs vart utnemnd til æresmedlem i selskapet i 2004, vart det ikkje vald nokon ny styremedlem i hans stad. Styret heldt fram uendra til 2009, då Britt-Mari Sletto kom inne som ny nestleiar. Då Per Lilleslett ynskte avløysing i 2010, vart Arild Mikkelsen ny styremedlem. Kaare Wensaas gjekk bort hausten 2011, og Eva Almhjell kom inn i styret i hans stad.

Olav Sletto sitt barnebarn, Evalill Sletto, har vore varamedlem til styret heilt sidan starten. Andre varamedlemer har vore Maria Sønndrål, Eli Sælid og Odd Oleivsgard. Ola Ruud må nemnast særskilt. Han har vore rekneskapsfører i alle år, utan å ta imot godtgjering for det!

Revisorar har vore Hallingdal revisjonsselskap, Osvald Medhus og Jan Robert Wick, og frå 2012 Rangdi Skorve og Borgny Thorsrud.

Talet på medlemer i selskapet har variert frå 55 i 2001 til 79 i 2005 og 95 i 2011.

Kåsørar på årsmøtene

På årsmøtene, som blir haldne på Olav Sletto sin fødselsdag, 21. juni, eller den næraste laurdagen, har medlemene hatt glede av å kunne høyra på fleire framifrå kåsørar. Ola Jonsmoen sitt kåseri om Per-bøkene på årsmøtet i 2005 hugsar alle med stor glede. På det møtet hadde me og besøk av Arne-Ivar Kjerland frå Nynorsk Antikvariat. Året etter kom skodespelaren Noralv Teigen og kåserte om Olav Sletto som dramatikar. Magne Myhren fortalde om Sletto som forfattar og spelemann, Olav Randen fortalde om forlaget sitt, Boksmia, og Ragnar Ytrehus frå Alf Larsen-stiftelsen kåserte levande om samarbeidet mellom Alf Larsen og Olav Sletto. Etter at styret var ferdig med katalogiseringa av Sletto-materialet på Hol bygdearkiv, fortalde leiaren for dette

prosjektet, Kåre Olav Solhjell om arbeidet på årsmøtet i 2010. Barbro Sletto Aasen, noverande eigar av Sletto, hadde invitert selskapet til å halda årsmøtet i Sletto, og ho var heller ikkje snauare enn at ho opna hus og tun for den store jubileumsmarkeringa i 2011, 125 år etter at dikteren vart fødd.

Jubileumsmarkeringa 18. juni 2011

er det største og mest arbeidskrevjande prosjektet selskapet har hatt nokon gong. Etter eit innspel i styret frå Britt-Mari Sletto, vart det teke kontakt med Eldgrim Springgard frå Ål og inngått avtale med han om dramatisering av delar av den tredje Per-boka, Per Stavlang. Trass i dårleg ver med regnbyger under fram-syninga, fyltest Sletto-tunet med over 200 frammøtte som fekk sjå ei framifrå forestilling med flinke skodespelarar og musikarar. Før framsyninga heldt Anne K. Sletto ei helsingstale frå familien, Osvald Medhus tala om Sletto og heim-bygda, og Arild Mikkelsen tok for seg Olav Sletto som folkehøgskolemann.

Eva Almhjell laga ein fotodokumentasjon frå tilstellinga som er lagt ut på selskapet sine nettsider.

Av andre større prosjekt

selskapet har arbeidd med desse åra må ein fyrst nemna årboka som vart gjeve ut i 2002. Med Kåre Olav Solhjell som redaktør og artikkelforfattar og med artiklar av Per Olav Reinton, Jul Haganæs, Vidar Bergset, Osvald Medhus, Einar Tufte, Leif Tufte og Arvid Møller, vart dette ei svært interessant bok om Olav Sletto. I boka finst og ei samling brev som Sletto skreiv til velgjeraren sin, S. Reinthon i åra mellom 1904 og

1919. Det er kostbart å gi ut bøker, så selskapet har betalt på denne utgjevinga fram til denne dag, men no er kassekreditten på det næraste nedbetalt. I staden for årbøker, har ein difor måtta nøya seg med rimelegare trykksaker, og sidan 2004 har det i samband med årsmøtene vorte trykt årshefter med artiklar og stoff om Sletto av ulikt slag. Mange vil sikkert vera interesserte i årsheftet 2006, der ein av selskapet sine trufaste medlemmer, Olav Lia si ordbok og ordforklaringar er attgjeve. Olav Lia gjekk bort i 2002, og selskapet fekk oversendt hans arbeid for å kunne gjera det kjent for medlemene. Olav Lia hadde ynskje om at det i gravferda hans, i staden for blomar, kunne gjevast ei gåve til Olav Sletto-selskapet. 7900 kroner frå gravferda var ei kjærkomen gåve til selskapet.

Registrering og katalogisering av alt Sletto-materialet i Hol bygdearkiv har vore ei sentral oppgåve for selskapet. Under leiing av den særskildte, ryddige og raskt arbeidande Kåre Olav Solhjell vart ein ferdig med katalogiseringa i 2009. Katalogen ligg no ute på selskapet sine heimesider, og dersom nokon ynskjer nærare opplysningar, vil me stå til teneste med det.

I vedtektene for selskapet står det og at ein skal arbeida for å gjera lydmaterial om og med Olav Sletto tilgjengeleg. Radio Hallingdal hadde i fleire år ein fast programpost på fredagane med opplesing frå Sletto sine bøker. Per-bøkene er innlesne alle fire, og ein opplesingsserie tok for seg utvalde scener frå det storfelte romanverket "Soga um Røgnaldfolket". I samarbeid med Radio Hallingdal fekk ein så i 2008 gjeve ut lyd-boka "Per Sjø". Radioen stilte materialet til gratis rådvelde, Olav Randen laga (ved-

erlagsfritt) omslaget med foto teke av Marit Halstensgård, og Magne Hallibakken i Lydlåven sto for lydproduksjonen og trykkinga av CD'ane. Av opplaget er det no berre to eksemplar att!

Fleire av dei fyrste Sletto-bøkene var ikkje av større format enn at dei kunne trykkjast i årsheftene til selskapet. Årsheftet i 2009 inneheld boka "Smaaord" frå 1912, i 2010 kom "Um Tyskland" frå 1914, i jubileumsheftet 2011 trykte me debutboka til Olav Sletto frå 1908, "Dei gamle", og i 2012 kjem i dette heftet "Glør" frå 1930. Dei tre fyrste har innleiingar av Kåre Olav Solhjell, i dette heftet har Arild Mikkelsen skrivne føreordet.

Skal ein fylgja med tida, er det nødvendig å "vera på nett". Selskapet fekk si heimside i 2005 i eit samarbeid med BeWide v/ Morten Tangerås. Det synt seg etter kvart at sida vart for statisk og for kostbar å oppdatera, så det vart lyst etter ei løysing der folk frå selskapet sjølve kunne oppdatera sidene. Camilla Vik ved Essenz Reklamebyrå fekk oppdraget, og Eva Almhjell sa seg viljug til å vera web-redaktør. (Det kan ho frå før, som web-redaktør i Vestfold fylkeskommune!). Britt-Mari Sletto er redaktøren sin "assistent", og saman har desse skapt ei ny og levande nettside som inviterer medlemene til meningsutveksling og som gir selskapet ein tidsmessig profil.

Det siste store prosjektet som no er under arbeid, er også Eva Almhjell sitt hjartebarn. Arbeidet med å laga ei illustrert barnebok basert på stoff frå Per-bøkene, er godt i gang. Dette vil styret koma attende til etter kvart som prosjektet tek form.

Gåver og tilskot

av ulike slag har me teke mot med jamne mellomrom. Hol kommune har gjennom prosjektfinansieringa gjeve tilskot både til utarbeiding av logo og ikkje minst arbeidet med nettsidene, både i 2002 og 2010, og lydbokutgjevinga i 2008. Hol sparebank har gjeve årvisse tilskot gjennom gåveutdelingane sine. Bokgåver har me og fått, i 2003 kom dei ei stor bokgåve frå A.E.Tufte AS. Selskapet fekk då restopplaget av Sletto-bøker som bokhandelen hadde kjøpt då Norlis forlag vart lagt ned. I 2008 fekk me 15 Sletto-bøker frå Ulvik folkeboksamling, og i 2004 vart selskapet ved overskotet etter utgjevinga av Nils Reinton si diktsamling "Sopalauv".

Største tilskota fekk me til jubileumsmarkeringa i 2011. Utan dei rause tilskota hadde me ikkje hatt høve til å markera 125-årsjubileet på denne måten.

Hol kommune gav 50 000 kroner fordelt over to budsjettår, Buskerud fylkeskommune gav 50 000 kroner, og Hol sparebank var fantastisk rause med si løyving på heile 100 000 kroner!

Barbro Sletto Aasen hadde ikkje berre opna hus og tun for Sletto-selskapet. Ho gav og ei minnegåve etter mannen sin, Kaare Asen, på 10 000 kroner. Ein hjarteleg takk til Barbro for utvist godvilje!

Når eg no takkar for meg i styret for Olav Sletto-selskapet, vil eg gjerne få visa at eg har sett stor pris på å få vera med i dette arbeidet. Olav Sletto og hans diktning har alltid stade hjarta mitt nær, og gjennom åra har eg fått meg ei boksamling med alle utgjevingane av dei 42 bøkene han skreiv.

(Den einaste eg manglar er den tyske omsetjinga av "Der Diener". Den har eg leita etter lenge utan resultat.) Dei fleste utgåvene er fyrsteutgåver, og nokre av utgåvene er det meir enn eitt eksemplar av. Denne samlinga ynskjer eg å overlata til Olav Sletto-selskapet slik at ein har ei komplett samling som kan oppbevarast på Hol bygdearkiv til bruk for dei som måtte ha interesse av det. Bøkene skal ikkje vera til utlån, men må nyttast i arkivet.

Det har vore ei glede å leggja ned desse arbeidstimane for Olav Sletto-selskapet. Eg vil retta ein hjarteleg takk til alle som har

vore med meg, og eg fornærmar sikkert ingen om eg særskilt dreg fram Kåre Olav Solhjell. Han har ein utruleg arbeidskapasitet, og uten den er det lite truleg at me hadde kome så langt i arbeidet med å halda Olav Sletto si diktning levande.

Eg kan levera frå meg dette no med trygg visse om at det er folk med store kunnskapar og med stor entusiasme som fører arbeidet vidare!

Hjarteleg takk for meg – og alle gode ynskjer for arbeidet med Olav Sletto-selskapet!



OLAV SLETTO - REFLEKSJONAR RUNDT EIT JUBILEUM

Brit-Mari Sletto



«Vi føler stillheten, ja, næsten evigheden over dette liv - og den uendelige fjernhed fra verden. Saadan kan alene et ungt og uberørt sind fornemme tingene». Dette skreiv Carl Nærup i Verdens Gang om debutboka til Olav Sletto som kom ut i 1908.

21. juni 1886 blei forfattaren Olav Sletto fødd i Sletto i Hol. I år er det 125 år sidan og 18. juni skal dette markerast der Olav blei fødd og vaks opp - og i dei omgivnadene som har prega delar av diktninga hans.

Olav vaks opp hjå besteforeldra sine, Jens og Birgit. Dei hadde 8 born og den yngste som også heitte Jens (goffa min), var berre 5 år då Olav kom til verden. 5 år etterpå kom veslesyster til Olav, Jenny, som også vaks opp hjå besteforeldra sine. 10 born vaks opp i den vesle stugu. Dette var på slutten av 1800-talet i eit fattig, tradisjonelt bondesamfunn der dei måtta klare seg som best dei kunne. Snille og rause må Jens og Birgit ha vore.

Vesle Olav skulle ikkje få vite før i konfirmasjonsalderen at besteforeldra ikkje var hans rette mor og far. Det var planen, men slik skulle det ikkje gå. Han fekk greie på dette mykje tidlegare frå ei nabokone. Ein kan undrast kva ein slik løyndom gjer med eit menneske?

Mor Anne fekk Olav ikkje noko nært forhold til og han såg henne kun ein gong i

oppveksten, vart det sagt. Faren, som døydde då Olav var 14 år, fekk han aldri sjansen til å bli kjent med. Det skal ikkje mykje fantasi til for å skjønne at dette kan ha vore ei stor sorg hjå ein liten gut.



I «Smaaord» som kom i 1912 og som omhandlar ulike aspekt ved livet, skriv Olav: «Skal ein magta livet, er det so til at ein sumtid tarv liksom mæla styrken i si eiga evna. Men daa er slegtkunnskapen best aa hava, so kann ein spyrja og faa svar».

Besteforeldra til Olav var mine oldeforeldre og dei døydde lenge før eg kom til, men eg har fått høyre at goffa til Olav, Jens, hadde særst godt minne og var ein stor forteljar. Gommo Birgit var dotter til Ola S. Svarteberg, omgangsskulelærer frå Ål, kalla «Jalle-skulen» etter plassen han budde på. Han skreiv også dikt og Olav er oppkalla etter han.

Olav var ein kunnskapshungrig og gløgg liten gut. For å lære nynorsk, skreiv han av nynorsk litteratur og høyrd på forteljaren Nils Løingsslåttun. Biblioteket blei flittig besøkt og læraren og klokkaren Sjugurd

Reinton var ein god medhjelpar for Olav i livet og bl.a. avgjerande for at han vart forfattar.

Kva var det som kan ha forma vesle Olav og gitt han slik skrive- og utferdstrang? Dette har han nok grubla mykje på sjølv også og han gir sjølv svar i bøkene sine. Ein sterk muntleg forteljartradisjon og storslått natur. Frå Sletto er det vidt utsyn mot Geilo, Odnak og Hallingskarvet. Ovanfor Sletto ligg Kambenuten med flott utsikt over Holsbygda. Dette må ha vore sterke inspirasjonskjelder.

Olav flytta tidleg ut og gjekk på folkehøgskule på Voss i 1902-03 og på lærarskolen på Notodden i 1904. Vinteren 1907-08 var han lærar i Vats og arbeidde samstundens på debutboka «*Dei gamle*».

Rasmus Steinsvik skreiv i «*Den 17de Mai*» i omtalen av debutboka: «Det er sjeldan ein ser ein nymenning vera so frøk og ferdig baade i maalbruk og tankeføring ... Dertil ein medfødd givnad til aa skildra klaart, so ein baade ser alt livande fyre seg, og minnest det».

Etter debutromanen, reiste Olav Sletto ut i verda. Fyrst til Oslo, der han følgde forelesingar på Universitetet og vidare derifrå til Askov i Danmark, der starten på tida som folkehøgskulelærar skulle begynne. Han var i København og i Tyskland, der han vart kjent med europeisk kunst og litteratur. Utanlandsreisa gav han avklaring på den diktarvegen han skulle følgje. Han ville ikkje bli folkelivsskildrar frå Hallingdal, slik Sven Moren hadde oppfordra han til. Olav ville skrive om meir almenne emne. Han ville skildre den «*åndelege*» utviklinga til personane i bøkene sine.

Han gav ut mange romanar, skodespel og essay i perioden 1910-1939, med historisk-religiøst innhald, gjerne med antikken som bakgrunn. Han var ikkje som dei fleste forfattarar på den tida, oppteken av sosiale aspekt eller meir samfunnsmessige spørsmål og derfor «*trefte*» han heller ikkje tidsånden i samfunnet på den tida. Ei tid som var prega av litteratur om 1. verdenskrigen, revolusjons- og arbeiderlitteratur. Olav fekk ikkje særleg gode kritikkar i pressa og han blei ikkje ein del av det gode litterære selskap.

Olav gifta seg med Karin Bryde frå Sandefjord i 1911 og dei fekk 4 barn: Eva, Bjørn, Randi og Irene. Eldste dottera, Eva Sletto (1912-2006) var ein kjent skodespelar med mange hovudroller i norske filmar og ikkje minst, på Det norske teateret, der ho var fast tilsett i mange år.

I perioden fram til 1917 veksla Olav mellom skiving om sommaren og foredragsreiser om vinteren. Olav var reisetalar for ungdomslag og folkeakademi. I åra 1917-1940 virka han som folkehøgskulelærar.

Då Olav fylte 50 år i 1936 skjedde det ei endring i diktinga hans, og han sette i gang å minnast barneåra sine. Det starta som ei minnebok og i perioden 1939-42 kom dei 4 Per-bøkene ut («*Per Spegil*», «*Per Sjølv*», «*Per Stavlang*» og «*Per Spelman*»).

Det endelege gjennombrøtet som diktar kom og hovudstadskritikarane kunne ikkje lenger oversjå han. Slik vart Olav ein folkelivsskildrar - det han i unge år ikkje hadde følt seg heime i.

Ola Jonsmoen skriv om Per-bøkene: «Verket om Per er ikkje lytelaust, men det er noko

for seg sjølv i vår heimlege litteratur. Det har kvalitetar som uvanleg fin naturlyrikk, det er psykologisk truverdig, og det gir oss ei forvitneleg utviklingssoge om ein kunstnar. Eit lite barn møter omverda».

Olav vaks opp, som tidlegare nemnt, i ein muntleg forteljartradisjon og det er når han vender attende til denne episke tradisjonen i diktinga si, at han møter mest åtgauv hjå kritikarstanden i Oslopressa.

Det neste store verket Olav Sletto gav seg i kast med var «*Soga om Røgnaldsfolket*» som kom ut i perioden 1943-50 og tel 5 bøker. Der skildrar han ei bygd og ein dal i hamskifte rundt 1. verdenskrigen, gammal, fornem bygdekultur med ei rad særmerkte menneske.

Lyrikaren og kritikaren Alf Larsen, som Olav hadde vorte kjent med, rosar i eit essay «*Soga om Røgnaldsfolket*» i sterke ordelag. Han skriv: «Sletto har en himmel over seg og et rom omkring seg som betegner en ny dimensjon i norsk romankunst. Det er en dimensjon som gir dypere trakter og større vidder, i det hele tatt et mektigere sjelelandskap enn hos noen andre, ja, kanskje hos noen annen norsk romanforfatter i det hele tatt.» Og her nemner Alf Larsen at Olav Sletto kanskje overgår både Olav Duun og Jonas Lie når det gjeld det metafysiske draget i diktinga si.

I «*Smaaord*» skriv Olav Sletto: «Tenk alltid på, at du hev det ævige yver deg. Og ver verksam og vaken som stjernehimlen, og fast i trui som ein som hev set djupt i løyndomarne».

Olav måtte ut for å sjå verdien av det han kom frå. Slik så mange store forfattarar har gjort både før han og etter han. Det nære kjem nærmare på avstand.

Olav Sletto var ein sær produktiv forfattar, også på sine eldre dagar. I perioden 1954-63 kom bokserien om Olver i 6 bind. Her er Olav sjølv hovudpersonen utan at bøkene kan seiast å vere sjølvbiografiske.

Dei tre siste bøkene kom etter at Olav og kona Karin, hadde flytta inn på Geilotun i 1958.

Siste boka hans «*På alderstun*» som omhandlar livet på gamleheimen, kom i 1963. Same året døydde Olav, 77 år gamal.

Dermed var sirkelen slutta. Den første boka og den siste omhandlar det same, Dei gamle.

Frå «*Smaaord*»:
«Du møter livet i mange likjen. Du møter det som kraft, som daad, som tanke, som mod, og som varme og godleik. Alltid verksamt. Du er til aa finna paa alle vegamot, men du kann aldri læra det aa kjenna fyrr du sjølv hev livt det».



Frå jubileumsmarkeringa 18. juni 2011



Meir enn 200 frammotte i Sletto-tunet ved 125-årsmarkeringa.



*Storedundra, Per og Hølgi i dramatiseringa av Per Stavlang.
Frå v. Reidun Aaker, Magnus Nybråten Malmquist og Embrik Ellingsgard.*

(Begge foto: Eva Almbjell)

HILSEN TIL 125 ÅRS JUBILEET FOR OLAV SLETTA 18. JUNI 2011

Helsing frå Vera og Anne K. Sletto



Jeg er Anne (Karene) Sletto, søster til Vera, som har skrevet deler av denne hilsenen sammen med vår tante, Irene Muri, vel 91 år, yngste datter av Olav Sletto. Vera eller tante Irene kan dessverre ikke delta på jubileet, men vår egen gren av familien er imidlertid godt representert: Veras to barn, Bjørn Amund og Tea, oldebarn av Olav Sletto, med sine familier, inkludert tre tippeoldebarn (Arthur, Bror og Emma) er tilstede. Jeg bor i California og har tatt turen sammen med mine to sønner Tiimo og Robinson.

Vera skriver: Siden vår far Bjørn Sletto dessverre døde så alt for tidlig, så har jeg stor glede av å besøke tante Irene for å vite litt mer om pappa som liten, om hvordan de levde som familie, hvordan var deres barndom osv. Olav Sletto-selskapets årshæfter har også mye interessant informasjon. Ett av dem inneholdt et brev skrevet av min tante, Eva Sletto. Dette tok jeg med til Irene og leste høyt for henne. Det handlet mye om deres julefeiring, og gav opptakten til mye mimring.

Tante Irene har alltid vært en lesehest, og hun tror interessen for litteratur og kunst har med det og gjøre at da hun var liten, ofte var med sin far da han holdt foredrag rundt om i landet. Hun måtte sitte musestille, men hun nøt å være med. Hun forteller om bestemor Karin Bryde sin løvetannvin, som

hun var viden kjent for, og hvordan barna måtte hjelpe til med å plukke løvetann til vinen. Denne vinen var vanlig traktement når bestemor og bestefar hadde gjester.

Våre minner om bestefar er fra Geilo. Vi var jo små barn på den tiden, derfor er det kun små minner som sitter igjen. Da pappa levde var vi på Geilo både sommer som vinter, og vi bodde i Veslestua ved siden av hovedhuset. Et bilde jeg husker godt er av bestefar sittende i en kurvstol på balkongen med sort alpelue og min søster og jeg på fanget hans. Nå som jeg vet fra Irene at pappa var svært knyttet til sin mor, dukker det også opp minner fra besøkene våre på Geilotun da bestemor og bestefar flyttet dit. Jeg husker arbeidsrommet til bestefar med hauger av manuskripter liggende på skrivebordet og at vi fikk lov til å "skrive" på skrivemaskinen hans. Jeg husker også en ung spelemann som ofte kom og spilte hardingfele for han. Jeg kunne på den tiden ikke forstå at noen kunne like hardingfele, men jeg husker at bestefar elsket det.

Etter at pappa gikk bort fortsatte vi å feire påsken i Veslestua på Geilo. Vi besøkte bestefar, og tradisjonen var at mamma kjøpte et stort påskeegg med sjokoladetrekk og kakepynt på, som en gave til ham. Påskeegg var nesten luksus den gangen, det er vel derfor jeg husker det så godt, for jeg hadde lyst på det selv! Jeg husker også

at vi inviterte bestefar med på biltur om sommeren, vi kjørte opp på setra til Jenny, halvøsteren hans. Der ble vi traktert med skikkelig hallingkost, og dette var en utfukt og et besøk vi alle satte pris på, det er veldig koselige minner.

Som voksen har jeg hatt gleden av å seile rundt jorden i noen år. En gang jeg var hjemom Oslo, så jeg tilfeldig en bok av bestefar i vinduet til et antikvariat. Det var en av bøkene fra fembindserien Røgnaldsfolket. Jeg tok den med tilbake til båten som gave til min daværende samboer, og vi begynte med høytlesing i båten. Han leste veldig godt på hallingdialekt, en dialekt som var fremmed for oss begge og hvor det var mange ord vi ikke alltid forsto, men av helheten fant vi ut av det meste. Ord som "tagal" for eksempel, ble et stående uttrykk i båten, vi kunne si hvis en av oss var stille: "No vart du tagal?" Og så måtte vi le.. Vi ble så grepet av den første boken at vi sørget for å skaffe oss de fire andre bøkene. Høytlesing av bestefars bøker ble et av dagens høydepunkter: Når vi kom fram på ettermiddagen etter endt seilas, så var det en liten ankerdram og minst ett kapittel fra boken. Vi ble godt kjent med personene i Røgnaldsfolket og levde oss inn i det, så vi både lo og gråt oss gjennom

bøkene. Det som slo meg da vi leste disse, var hvor moderne bestefar var i sitt syn, også når det gjaldt kvinner, så kunnskapsrik og så opplyst, og så godt som han skrev! Jeg synes bestefar er svært aktuell den dag i dag - og selvfølgelig føler jeg meg veldig stolt!

(Anne) På egne vegne kan jeg legge til at det var et stort pluss å være barnebarn av Olav Sletto i skoleårene. Alle norsklærere synes det var stor stas. Jeg skrev en litterær særoppgave om bestefar på ungdomskolen. Fordi dialekten var vanskelig valgte jeg den tynneste boka i bokhylla, nemlig "Domhuset". Tross dette fikk jeg beste karakter. Teaterstykket "Domhuset" ble forøvrig satt opp på Det Norske Teatret i 1944 -45. Eva Sletto hadde en av rollene og spilte "syster Signe, ei jente i 20-årsalderen".

Vi var jo hjertelig tilstede på 100-årsjubileet, og nå tjuet fem år etter, har dere stelt i stand til fest igjen - 125 års markering! På vegne av familien vil vi takke Olav Sletto-selskapet for det gode arbeidet de gjør for å fremme bestefars forfatterskap!

Gratulerer med dagen - og med ønske om en kjempefin markering!



JUBILEUMSMARKERINGA OLAV SLETTO

18. JUNI 2011

Osvald Medhus



"La oss se til at udrette noget i livet. Noget må vi kunne magte vi to! Jeg kan ikke leve et liv i ørkesløs nydelse! Du, vi skal vinde frem, vi to. Thi det er meget i os, som må frem!"

Dette skreiv Karin Bryde til sin kjære Olav, sju dagar etter at dei i løynd vart vigde på byfogdkontoret i Drammen.

Og til Karin skriv Olav: *"Du har alltid peika på eit liv med fyremål og oppgaver. Du har alltid styrkt min arbeidsvilje og livshug. Og du hev magta det. .."*

Og ni år seinare skriv Olav til Karin: *"Eg kjenner deg som ei god makt ikring meg. Og du har vore ei frelse for min karakter – og du har gjeve meg det finaste til det gode i mine bøker. Du søker det fullkomne."*

Karin og Olav Sletto hadde ein felles klangbotn og dei oppglodde kvarandre. Denne jubileumsmarkeringa er derfor også ei markering og ein takk til Karin.

Olav Slettos arbeidsinnsats er overveldande: 8 foredragsår, 17 år folkehøgskulestyrar, forfattar av 44 bøker.

Olav Sletto vart ikkje fødd med sylvskei i munnen. Det var ein høg durstøkk han måtte krabbe over før han kom ut i den store verda. For meir enn hundre år sea var det ikkje berre berre å vera fødd såkalla "uekta"- og på eit veglaust lite bruk uppi åsbrøtet.

Dei oppdikta foreldretilhøva hans, kom han i tidlege guteår undevèr med korleis det egentleg var. Så lure vi på om dette hadde noko å gjera med at Olav Sletto for ei lang tid "flykta" frå sitt heimemiljø, både geografisk og littærert. Han må iallfall hatt behov for avstand. Men det betyr ikkje at han gløymde heimekulturen. Då avstandsåra tok slutt, kom han attende til det heimlege i forfatterskapen, ikkje minst i Per-bøkene og Silju-bøkene. Her har Olav Sletto lyft heimekulturen fram i lyset. Det lyset vil aldri sløkne.

Ein kan saktens spørja kvifor Olav Sletto ikkje skreiv om fattigsamfunnet, slitet, urettferda som fanst. Det var nok av *det* òg i denne bygda han vaks opp i, som i samfunnet elles på den tid. Manglar det noko her i enkelte miljøskildringar? Det kan godt hende. –

Olav Sletto vart iallfall ikkje nokon "sosialdiktar", og ville heller ikkje vera det - endå *det* vart på mote i hans tid. I ein samtale eg hadde med Olav Sletto fortalde han at den gode venen hans, Alf Larsen, meinte å ha funne ut at han hadde særskilde evner til å kunne skildre det erotiske. – I så fall tok Olav Sletto ikkje dei evnene i bruk i diktinga si. Det var nok heilt bevisst, trur eg. I 1938 skriv han:

”Kva hadde vore i vegen for at eg kunde ha teke kynslivet til hovudmotiv i mine bøker – eller sosiale – eller i det heile retta meg etter Oslo-kritikken, og fått – dei andre med meg. Berre eitt var i vegen, eg kjende at mi oppgåve var av heilt anna slag.”

Han heldt vegen han valde, og sto oppreist i motvind. Og han skriv:

”Dei idealistiske diktarane visste godt kvifor dei braut med naturalismen. Dei kunne ikkje godta tvangsprogram som naturalismen sette opp: at det i diktinga ikkje skulle vera plass for solskinet, uskulda, lykka.”

Olav Sletto var ein ikkjevalds-talsmann i aller beste tyding. Tenarände var eit hovudmotiv.

Visst reiste han mykje – også utanlands – og råka mange personar som visseleg gav han verdfulle impulsar. Men kanskje var det, likevel, frå heimemiljøet han henta viktige impulsar og som sterkt forma han som forfattar.

- Olav Sletto trudde på det lyse i menneskesinnet. Det positive. Når vi ser oss omkring i dag, skulle det vere rart om vi ikkje kjem på at vi treng nokon som *forsvarar* solskinet, lyset. Vi bør i dag lesa Olav Sletto. Vi treng det.

— — —

Eg vil få nytte dette høvet til å helse og takke Barbro Sletto Aasen, som har sett så fint i stand Sletto. Olav Sletto ynskte ikkje at Sletto vart eit museum. Barbro har sytt for at Sletto er i bruk, og vil bli det. Akkurat det Olav Sletto gav uttrykk for.



Barbro Sletto Aasen
og Osvald Medhus

FOLKEHØGSKOLEMANNEN OLAV SLETTA, EN JUBILEUMSTALE PÅ 125-ÅRS MARKERINGA

Helsing frå Arild Mikkelsen



Olav Sletto var en folkeopplyser av rang, en ektefødt folkehøgskolemann i ord og gjerning. Det er en ære å få kaste lys over folkehøgskolelivet til Sletto ved dette jubileet.

Slettos første møte med folkehøgskolen var i 1902 da han var elev på Voss folkehøgskole. Her møtte han styrereren Lars Eskeland som gjorde et sterkt inntrykk på ham, og som for alvor åpnet øynene til Sletto for landsmålet og for målsaka. For å dyktiggjøre seg som framtidig lærer i folkehøgskolen, dro Sletto til Danmark, først til København, deretter til Askov Højskole på Jylland.

I København kaster han seg inn i det pulserende kulturlivet, han vanker i grundtvigske kretser, og han treffer kjente forfattere og kunstnere. På Askov Højskole møter han noen av de mest innflytelsesrike folkehøgskolelærere i samtida med styrere Jacob Appel og Holger Begtrup i spissen. Askov Højskole var den viktigste folkehøgskolen i Norden, og skolen var midt oppe i en stor debatt om kulturradikalisme, vitenskapssyn og politikk. Olav Sletto har ganske sikkert lyttet til denne debatten med nysgjerrighet, selv om den kanskje ikke engasjerte ham helt og fullt. Slettos opphold på Askov Højskole ble ikke langt, han ble bedt om å slutte fordi han hadde «rent ut hypnotiserte og kyssede» de unge jentene. Dette var også grunnen til at det gikk sju år før han fikk fast jobb i folke-

høgskolen. Han ble tilsatt på Buskerud Folkehøgskole i 1917.

På Buskerud Folkehøgskole, eller Heimtun som skolen ble kalt, utfoldet Sletto en oppsiktsvekkende aktivitet, som lærer og foredragsholder, og som forfatter. Nå kommer Løkebøkene med tema fra norrøn mytologi, og han begynner sitt store romanverk om antikken og kristendommens framvekst.

På flere måter bryter Olav Sletto med den tradisjonen folkehøgskolen stod i. Folkehøgskolen hadde først og fremst forholdt seg til det nasjonale og til en bondetradisjon, mens Sletto var opptatt av de største tankene i Europas idéhistorie og fordypet seg i klassisismen. Folkehøgskolen var tuftet på muntlighet og det levende ord, og Sletto var helt sikkert en engasjerende foredragsholder, men han var også opptatt av estetikk. Olav Sletto var en platoniker, en skjønnhets søker en som var opptatt av strålen ovenfra som Platon kalte eros, men som Sletto kaller geisli.

Styreren på Heimtun Olav Langeland mente at Sletto ikke hadde det rette kristelige sinnelag til å kunne skrive om kristendommens framvekst, og dette førte til en konflikt som gjorde at Sletto sluttet på Heimtun, og ble lærer og siden styrer på Romerike Folkehøgskole helt fram til krigen i 1940. At Sletto

nok hadde et annet syn på kristendom enn det vanlige i samtida vitner interessen for mytologi og særlig fokuset på Lokeskikkelsen om.

Det er ikke vanskelig å se hvilket kunnskaps-syn Sletto la til grunn i sin folkehøgskolegjerning. Han la vekt på kunnskap som noe eksistensielt, mer enn det han kalte lærdom. Han så på kunnskap som noe indrestyrt, noe som kom fra dypet i det enkelte menneske, ikke som noe ytrestyrt, og han så kunnskap som en vedvarende prosess, ikke som en tilstand. Her er Olav Sletto inne på det edleste i folkehøgskolens pedagogiske grunnsyn.

Olav Sletto må ha vært en merkelig mann. Han var folkelig og europeer på samme tid. Han var klassisist og folkeopplyser, og han var estetiker. Det finnes flere omtaler av Sletto som en mann med sans for fine klær, nesten aristokratisk i sin framtoning, og han var jo også en meget vakker mann. Problemene på Askov kan være et eksempel på at også menn kan få noe å slite med når de er vakre!

Med de motsetningene Olav Sletto stod for, folkelighet og klassisist, europeer med bakgrunn i bondetradisjon, progressiv pedagog og estetiker, avslutter jeg med å hevde at 125-åringen Olav Sletto på mange vis ville vært dagens mann.



OLAV SLETTO SINE GLØR ANNO 1930

Arild Mikkelsen



Det er eit merkeleg skriftstykkje Olav Sletto skreiv i 1930. Trettiåra, mellomkrigsåra vart prega av harde konfrontasjonar, av frontar mellom grupper og organisasjonar av mest alle slag. Ideologiane vaks fram og vart beinhardde andelege byggeverk der ein anten var tilhengjar eller motstandar. Kristendomen var under hardt press, og kyrkja var splitta. Indremisjonen hadde sine glansdagar med ein uforsoneleg Ole Hallesby i spissen. Kampen mellom dei liberale representert med biskop Eivind Berggrav og dei konservative med deira høvding Ole Hallesby reiv kyrkja nesten i filler. Samstundes gjekk dei kulturradikale til åtak, dels med marxistisk verkty, dels med freudiansk. Det heile toppa seg med striden om skodespelet «Guds grønne enger» på Nasjonalteateret, og med Arnulf Øverland sitt føredrag «Kristendommen - den tiende landeplage». Det vart kulturdebatt og Stortingsdebatt, det vart protestar og opprop, både om skodespelet og føredraget. Ved inngangen til dette urolege tiåret skriv Olav Sletto sitt merkelege stykke litteratur.

På denne tida er Olav Sletto tilsett som rektor på Romerike folkehøgskole. På mange vis går det an å seie at han er i sin mest fruktbare periode som folkehøgskolelærer. Og forfattarskapen hans er i ferd med å ta ei ny og avgjerande vending. Han er ferdig med bøkene om den norrøne mytologien, Lokebøkene som han skreiv fra 1915 til 1918, og han er ferdig med bøkene med tema frå europeisk kyrkjehistorie som han

skreiv medan han enno var tilsett som lærar på Buskerud Folkehøgskole. Desse bøkene kom i perioden 1920 til 1924, og er kan hende årsak til at han kom i konflikt med styraren Olav Langeland på Buskerud Folkehøgskole. Han meinte nemleg at Olav Sletto ikkje hadde det rette kristelege sinnelaget til å skrive bøker om kristendomen si soge, og han ga nokre av bøkene dårleg omtale i blant anna «Høgskulebladet». Det vart etter kvart uråd for Sletto å halde fram på Buskerud Folkehøgskole, og han flytta til Romerike i 1923, og vart styrer på Romerike folkehøgskole heilt fram til krigen. Når han skriv «Glør» har han altså lagt bak seg den norrøne mytologien, og han har arbeidd seg gjennom den tidlege europeiske kristendommen si historie. Han er midt oppe i arbeidet med å drive Romerike folkehøgskole, og han har står ved inngangen til dei såkalla harde trettiåra. Samstundes er forfattarskapen hans i ei slags mellomfase, mellom dei store arbeidene med Perbøkene som kjem frå 1939 til 1942, og den store romanserien om Røgnaldfolket frå 1943 til 1950.

Om ein skal nytte eit grundtvigsk folkehøgskoleaktig perspektiv på «Glør», kjem det fram eit viktig trekk hos Sletto. Grundtvig meinte at «Troen ikke er en Skolesag». Folkehøgskolen skulle vere ein verdsleg skole, kristendomen eller rettare sagt den kristne trua måtte ikkje fremjast gjennom tvang.

I eit ofte sitert vers skriv Grundtvig følgjande:

*«Tvang til tro er dårerers tale
hertet verger seg med fynd
tvungen tro ei sorg kan svale
føder mer løgn og synd
kun til helved kan der tvinges
men til himlen bare ringes
frihet følger sannhets ånd».*
(Etter Landstad)

Det religionssynet eller det synet på kristendom som kjem til uttrykk i «Glør» er ikkje prega av korkje dogmatikk, fundamentalisme eller tvang. Sletto legg fram eit fritt og ubunde syn på religionar, og frigjer seg frå gamle autoritetar og tradisjonar. Samstundes hyller han trua og trusperspektivet nærast som eit eksistensielt grunnvilkår i menneskelivet. Han skriv i kapitlet «Mogning»: «I religionslivet har det jamt vore likeins: Alt kviler paa tru. Men ikkje den trui som er meiningar, som er den eller hi overtiding; men trui som livstilstand. Eller med andre ord: Ei tru lik den som vakna og vaks i Bibelens mest heilgotne mann, gamle Abram i Mamre lund. Ei tru lik den som levde i hans eventyrlege overmann, Melkisedek, konge og øvstepresten. I religionen kviler alt paa dette slag av tru». Det er vel verdt å merke seg at ved inngangen til eit mykje dogmatisk tiår med frontar harde som bein, gjer Sletto seg til talsmann for eit antiautoritært og antidogmatisk religionssyn. Han er samstundes på lag med nokre av dei djupaste og berande tankane i den frilynte folkehøgskulen og med Grundtvig. Det er ikkje lett å slå fast i kor stor grad Sletto var påverka av Grundtvig, men det er lett å sjå tydelege grundtvigske drag i det han skriv. I «Mogning» held han fram med å ironisere over ein vitenskapmann, ein professor i astronomi som i eit foredrag om stjerneleira reduserer mennesket til eit inkjevetta kryp. Sletto

skriv: «Og paa vitenskapen skulde me og tru og tilstaa det at jordi vaar ikkje var noko midtpunkt lenger». Motargumentet hans mot denne vitenskapmannen er eksistensielt; jorda er midtpunktet i universet «av den gode grunnen at her budde me som her var samla». Presis det same gjer Grundtvig når han tvilar på at jorda er rund, og held fast ved at jorda er midtpunktet i universet. Han argumenterer ikkje naturvitenskapleg, men eksistensielt. Om jorda berre vert ein støvgrann i universet, vert ikkje jorda heilag lenger, og det går ikkje Grundtvig med på. Same hovudtanken fins hos Sletto. Jorda er midtpunktet i universet fordi det er her mennesket er samla!

Olav Sletto var ein flittig bibellesar. Allereie i Perbøkene kjem det fram at den første boka han ga seg i kast med var nettopp Bibelen. Bibelen for Sletto er ikkje ei lærebok i korkje etikk, natuvitenskap eller anna vitenskap, men ei kjelde til daning. Han skriv: «Det er ikkje so verst med folket her til lands so lenge me har eit klassisk daningsgrunnlag. So lenge me har dette sams grunnlaget for alle. Eg meiner denne daningskjelda: Eg meiner Bibelen som folkebok». Bibelen skal vere grunnlaget for klassisk folkedaning, ikkje bakgrunn for dogmatisk retttruskar eller moralisme. So vert Sletto brått hyperaktuell og polemisk nåtidig når han skarpt formulerer følgjande om Bibelen som alment grunnlag for klassisk folkedanning: «Tru kor lenge dette vil vara? Jau, det vil vara til dess at religionsundersvisningi har vorte burte or barneskulane vaare i 15 aar. Men daa vil dette klassiske aalmengrunnlaget i norsk folkefostring svinne burt». Det er freistande å spekulere over kva for dom Sletto vil gi barneskolen av i dag, med overgang fra KRL til RLE-fag i skolen, og kva ville han ha sagt om vårt klas-

siske daningsideal? Denne skrivaren overlet det til dei som les!

At Bibelen må vere ei kjelde til klassisk daning og eit syn på mennesket som skapt, kjem også fram i ein liten kommentar i den sjølvbiografiske boka «På høgt berg». Olver (les: Sletto) er i København, på Thorvaldsenmuseet. Olver er overvelda av det han får sjå, og tenkjer: «Desse marmorliknader var sanne i all si fullfagre form, det kjende han som ei høgre visse. Kunstnaren var sann midt i sine draumar, for det han synte oss var just det Bibelen nemnde; mennesket skapt i Guds bilete..... det mange anar i gode stunder». Det er Bibelen som grunnlag for klassisk folkedaning, og som uttrykk for skapingssteologi Sletto er oppteken av. På nytt skimtar vi Grundtvig og idégrunnlaget hans bak, og på nytt ser vi den frilynte folkehøgskolemannen Olav Sletto.

Den vesle boka «Glør» liknar på ei kinesisk eske i oppbygginga. Boka byrjar med «Lovi um elden og røyken», eit slag legendeliknande framstilling av korleis religionar oppstår som ein kraftfull eld som etter kvart sloknar meir og meir til det til slutt berre er grånande røyk og nokre få gneistar att. Avslutninga er kapitlet «I avlen» der Sletto ser eit nytt gudsomgrep, der «religionen er i ferd med aa skapa seg um» i pakt og takt med naturvitenskaplege nyvinningar. Dette nye gudsomgrepet vil likevel ikkje kunne fylle dei behov som menneske har, og «dei fleste vil traa attende til den gamle personlege Gud som tala til fedrene. Det er visseleg ei lov um inngrensing ogso i religionen. Ogso naar det gjeld gudsbiletet. Mennesket i jordiske kaar maktar visst ikkje aa tumle med eit større og vidare gudsumgrep – enn Gud som faderen». Rammeverket er tankar

om alle religionar sitt opphav og almene vilkår, forma ut i ei abstrakt lov. Som neste sirkel kjem kapitlet «Storelvi» i den første enden av boka, og «Mogning» i den andre. Båe kapitla handlar om religion som eit grunnvilkår i menneskelivet, og her lar Sletto alle religionar få same status, ei kjelde til undring og innsikt, trøyst og glede. Som kapitel tre kjem eit oppgjær med eit overflatisk og reduktivt syn på religion, representert gjennom ei frue som går ein herleg tur med sin Jesus ein regnversdag. Sletto ironiserer og tek avstand. Han saknar høgtid, det han kallar age og høgvyrndnad for Guds stordom og helg. Olav Sletto har eit blygt tilhøve til Gud.

Så kjem fortellinga om tenesteguten Carlson som innste delen i esken. Dette er eigentleg ein Kristuslegende. Ein bonde hadde ein tenestegut eit drygt år, og gjennom dette året gjorde denne guten slike underverk både med dyr og menneske at bonden meinte han hadde hatt Kristus i si teneste. Sletto lar den forteljinga vere sann, og seier ho skal ha funne stad krigsåret 1917-18. Den gode forteljaren Sletto bruker likevel fleire litterære element for å gjere forteljinga om Carlson til noko meir enn berre ei sann historie. Carlson er svensk, ein framand, han kjem frå det ukjente, og han drar av garde vidare mot det ukjente, han er ein vanleg mann, men samstundes kviler det ei trolldomsakt over han, og som Kristus er han noko over tretti år. Kristus kan enno dukke opp midt i blant oss, som ein heilt vanleg tenestegut. Når Sletto plasserer denne forteljinga midt i det velkomponerte rammeverket i «Glør», får han sagt at kristendomen ikkje berre er grånande røyk, men nettopp glør!

Korleis kan ein lese den vesle, merkelege boka «Glør» i vår kompliserte samtid der både sekularisering og ein «religionene sin tilbakekomst» finn stad på same tid? Den kjende filosofen Charles Taylor kom i 2007 med sitt epokegjerande verk «A secular Age». Han skriv her om tre ulike former for sekularisering. Den første er den typen som skil skarpt mellom religion og den offentlege eller politiske sfære. Politikken skal ikkje lenger halde seg med religiøse preferansar. Den neste formen for sekularisering kjem til uttrykk ved at eit fleirtal av ein befolkning ikkje lenger deltar i nokon form for religiøs praksis. Den tredje og siste formen for seku-



larisering meiner Charles Taylor handlar om at tru på Gud vert eit av fleire mogelege val, men slett ikkje det enklaste og sannsynlegaste valet. Vestlege samfunn har utvikla seg frå å vere stader der det mest var uråd ikkje å tru på Gud, til at det nesten er umogeleg å gjere det. Inn i ein slik samfunnsmessig samanheng kan Sletto si bok lesast som oppmoding til open refleksjon om religionar. Han gjer religiøs tru til eit eksistensielt grunnvilkår i menneskelivet utan å verte fundamentalist, dogmatikar eller på noko vis rettruande. Ein skulle mest tru at boka var skreve for vår tid!

OLAV SLETTO:



GLØR

(1930)

LOVI UM ELDEN OG RØYKEN.

1.

Det er ei merkeleg lov aa finne i aand-soga. Ei verksam lov, ei ubøygjeleg mektig. Det er den at alt stort aandeleg og avlig religiøst, det tér seg upphavleg i rein, lysande loge. Alltid er det ein gudsøkt, ein profet som er sett til aa nøre og vakte denne himmelske elden. Og kring han og med han lever dei fyrste innvigde sveinar; dei upplever det fulle lyset og er glødde inn i si inste taag.

Men umsider maa profeten gaa til kvila i gravi. No er det hans sveinar som vaktar elden. Og um raad er; nører dei elden med. So gaar og dette fyrste ættled av vigde sveinar i gravene sine. Logen brenn vel endaa; men veikare.

Neste ættled av sveinar held elden med si teneste. Men elden tek alt no til aa faa uklar loge, det sig alt meir eit slør av røyk. I tridje og fjerde ættled er røyken vorten so tjukk og graa at ingen loge tér meir, berre ein og annan gneiste stig lysande upp so ender og daa. Bak seremoniar og læreord er det ikkje lenger det store innsyn eller den høgtidsame dulp i kjensla.

Baalet er brent ut. Men i lange tider kan det no hende at røyken stig seint og underleg upp fraa den vigde staden der elden upphavleg brann i heilag loge. Vinden kan jamvel drive røyken vidt over land i aarhundre. Og menneske som ikkje har upplevd elden, dei tek røyken for aa vera eld og varme og lys. Dei tolkar, grunnar, lærer, dømer og fordømer. I grunnen er dei vel nøgde med dette. For ei tid.

Slik tek det seg uppatt i heimsens indre soga gong etter gong. Slik tek det seg uppatt i filosofskule etter filosofskule, i religion etter religion.

Difor er det forunderleg men sant, at di eldre dei heilage skriftene er, di reinare og meir storslegne er og sanningane dei openberrer.

Difor blir det og truleg, at det dei lærde no ei tid har kalla primitiv upphavsreligion hjaad det eller hitt folket, det er so langt fraa upphavsreligionen, den reine elden – at det just høyrer med til røyken. Me finn desse religionane fyrst lenge etter at logen er slokna og duld. Jamvel den høge ægyptiske religionen tyder paa dette, jamvel den fagre indiske – me møter deim so seint at dei er alt langt paa veg aa slørast til. Det høgre og klaarare, den heilage elden var i tider lenge før.

Ingen ting vitnar betre enn religions-soga at manna-ætti er gamal og har vandra gjennom mange dagar og mange netter.

2.

Kven kan naa botnen i Völuspá? Kven er den som anar kva bileti der har aa openberre? Kven veit no kva det er synene der i siste dypt vitnar um? Ingen. Som naturleg er ingen.

Me ser røyken kvervlar upp, me ser gneistar som flakkar lysande inne i uklaara. Men den sanningsdjupe religionen som var elden føre røykvolkane, - ein stad i verdi, kan hende aust i Asia? – den veit me inkje um.

3.

Det er lovi um elden og røyken me gaumar so lett i kristendomen i desse to tusen aar. Her syner sanningi seg vel, at di sterkare eld, di reinare loge. Naar elden veiknar i kristflokken, daa stig røyken med si uklaare, sin strid, med ordskifte, dom – ja, hat i namnet aat aanden.

Eller med andre ord: kjøtet kjøver aanden, stengjer aanden ute, freistar aa bryte dei gamle leidningane upp til aandens reine verd. Som i kristendomen, so og i dei mange gamle religionane føre den.

Apostel-ætti gaar under torva. Og styraks tek røykslørret til aa ovre seg. Dette veit me alle. Det blir alt meir stint og disig uppeter dei to fyrste aarhundre e. Kr. So tjuknar det til volkar av røyk i fylgjande hundreaar. Men sant skal segjast, fagre gneistar vitnar alt i eitt inne i røyken – og dei dalar ned her og der og kveikjer smærre baal. Til slutt gaar kyrkja sjølv i brodden med aa hylle røykslørret over mannsætti og aa sløkkje gneistane. Men gneistane stig og kjempar. Sloknar ein, kjem ein ny tent av den sloknande. Det er forunderleg dette. Men det er aandens gamle drama i verdi.

Kva er Viclif, Hus og Luther anna enn sterkare gneistar, som eig mykje av den upphavlege kristendomselden? – og som strid mot røyken som slører jord og himmel for sjelene.

4.

Mi kjensle av kristreligionen er den, at bjarte gneistar vil alltid stige paa nytt og kveikje logar ustansleg. Røyken fær ikkje denne gongen vinne herredømet heilt over

elden. For denne meisteren sa: Sjaa, eg er med dykker alle dagar. –

Han vil syte for aa vekkje gneistar. Og det vil koma baade ei og to tider, at upphavselden slær braakveikt upp i mange land samstundes, logen vil straaale so lysande at me i dag vilde bli forundra.

5.

Bjørnson har levd. Han er ein røyndom enno for mange av oss. Og dei lærde vil vel ikkje enno paa lang tid byrja aa antrast um han har vore til eller han kan hende berre var eit namn – eit laant namn som ein borgarmann i det gamle Christiania løynde seg under. Meddi han dikta i det dulde.

For mange av oss som lever i dag er Bjørnson ein røyndom; me har upplevt han. Me høyrer enno røysti hans i dei skrivne ord, me møter enno Bjørnson-hugen og hjartelaget. Men um ikkje so lenge vil dette ikkje vera so. Det me kjenner vera liv, det blir umsider set paa som stil og byggverk. Ny klok ungdom vil merke seg korleis han stilte ordi og gjeva analyse av hans maate. Dei vil ta mot diktileti hans med kritisk ettertanke og truleg lovorde hans kunst og hans kraft i hugsynet. Men elden og varmen og aalvoret i det aandsliv som var hans vil dei kjenne so mykje mindre. Og mindre og mindre. Over og ikring Bjørnson vil det daa liggje ei røyksky av skrifter og lærde domar og aandfulle utsegner um mannen og verket hans. Logen Bjørnson har dermed slokna.

So har lovi um elden og røyken synt sin verknad. Atter ein gong.

6.

Lutherdomen er det i dag vandsamt aa faa nokor sann meining um.

Me kjenner ikkje no i vaar eigen hug kva denne klaare gneisten var for noko i den tid han lyste upp. Me kjenner ikkje kva dei kjende, dei fyrste lutherfolk. Me kjenner ikkje no paa oss korleis tidi daa og menneske daa liksom anda ut i Luther, lyfte auga fritt i Luther, tala hjartans løynde tankar i han, fann atter sanningi um livet og um Gud i han. Røyksløret har lagt seg over denne logen ogso.

For so er lovi um elden og røyken: Aandsens liv synest aa maatte ha dødsens motstand paa denne jordi vaar.

STORELVI

1.

Det er ei elv som berre den gaumsame finn. Og har han fyrst funne dette aalaupe, granskar han sidan med undring, han blir ein som røkjer etter kjeldone til Nilen og fær ikkje fred for uroleg granskarlost. Elvi er gyllan blank. Smalnar ho sumstad forbisneleg inn, vidkar ho seg atter ut paa andre stader og flyt fram i vide lysande flator. Soleis strøymmer ho gjennom all tid attende, og soleis skal ho strøyme gjennom all tid fram so lenge her skal faa vera menneske til paa jordi.

Det er ikkje berre det med denne gaatefulle aa at ho strøymmer fraa stad til stad – fraa høgdene ned mot flatlandet og sumtid og fraa laaglendet oppetter mot høgdene, men ho strøymmer fraa tidbolk til tidbolk. Ho renn gjennom saga. Ho har meir med tidsens gang aa gjera enn med landebolkanane og geografien. Mang ein gong renn ho tagal under jordi og er som burte, mang ein gong tek ho faret ovan-sky – men syner seg atter i si tid. Ho skifter stendig, men er alltid den same elv.

Ei heilag og løyndomsfull aa! I alle trudomsbygnader rann ho, i alle gudstruer, i all filosofi, i all stor daad, i all sjøvgløymande kjærleik.

For det er denne elvi som ber det mystiske namnet: Religionen.

2.

Religionen er verdsens heilage elv. Han er aandsens Nil, han er den frelsande Ganges, han er Eufrat i sjelene, han er Glomma som strøymmer blinkande gjennom all saga.

Kjeldespranget til denne elvi er mannahugen med si kvide og sin lengsel. Men det fyrste daarande blink av elvi som me fær i vaare historiske dagar, det er i hine fjerre tider i India. I det gamle India. Der ved foten av Himalaja olla dei fyrste heilage vatsstraumar tusental aar føre Kristus. Der levde ein openberra visdom um synleg og usynleg, um manna-aandi og vegjene til Gud, um upphav, notid og siste maal. Underlege vise meistrar vandra der – liksom det seinare skulde vandre vise meistrar i so mange land. Og enno vandrar meistrar. For dette med den innvigde meisterskap er noko til alle tider sant og røynt: Naar aandsens fløde skal velle fram paa jordisk mark, daa hender det gjennom gudsøkte og vigde mannasjeler. Men dette med religionsmeistrane under storfjellet i India, det var i ei av dei tider daa mennesket var sers mottakeleg for innsynet og heilagskapen, det var ei av aandens kallstider.

Og der øygjer me elvi som ein drøy-men ljøske i landslaget. Kor kjem ho fraa? Me kan heller ikkje fylgje vegane ho tek. Men ho skyt fram att i Ægypt, ho blinkar skinande gjennom Persia, ho gaar med sollys flate i Kaldea og uroleg strøymande i hebrearfolket. Med song skyl ho seinare kringum tempelhaugane i Hellas, ho buktar seg samstundes gjennom Kina og vitjar bergskraaningane i Mid-Amerika. Kva er det som gjer at denne gaatefulle elvi renn hit eller dit, sjaa det skynar ingen av oss. Men i strøyming er ho sett, og fram strøymmer ho.

Alle desse stader er religions-elvi den same. Berre i daam og klarleik skifter ho noko etter lendet og himmelbragdi paa kvar stad, etter folkelyndet som ho vitjar. Dei eldste heilage bøker paa alle desse skilde stader stytta difor kvarandre og har

det same aa openberre, i alle brytst den same guddomlege sanningi um mannen som vil og kan naa sameining med Gud. Alle skriftene vitnar um livet oppetter hjelene og høgdene paa Guds berg.

3.

I religionen kan det segjast fullvisst: Aldri døyr arven ut!

Alltid har skattane vore til. Alltid har det heilage havt si vakt. Sumtid vart nok skattane løynde og paa den maaten verna. Men aldri vart dei burte fraa jordyta. Naar aandskravet atter var der og aandsauga atter saag, laag skattane der paa nytt – og blenkt av overjordisk sælt lys strøymde elvi som fordom. Meistrane var der atter, og lærlingane aat dei store meistrar var der atter. Men det er og blir det forunderlege: Baade meistrane og lærlingane stama.

Mennesket stamar alltid naar det skal tolke det guddomlege og livet i Gud. Ordi har ikkje stor nok beremakt daa, so maa det teikn til og heilage aatgjerdar til som gjev oppleving. Her maa seremoniar til, heilage ritus, innvingingar og mysteriar; her maa nytast dække og høge ord og mange dulsame tonefall.

Aller mest gjeld dette naar religionselvi gaar i breid styrke. Daa er menneske liksom breddfyllt av det liv, den røynsle, den kunnskap som ikkje kan rømast i tankegangane. Dei maa ta so mange sjelelege raader til hjelp daa um dei skal orke aa kunngjera det høgste livet.

Men so gaar det ei tid. Ei stuttare eller lengere tid. Elvi smalnar, stilnar. I menneske kjølmar dei varme straumdragi, pulslaget tagnar i røystene, auga ser berre det mest handfaste, dei har ikkje meir aa

segja no enn at ordi so godt kan bera det. Seremoniane, ritus og aatgjerder staa likevel att som helga forn- leivningar, men det dei openberra ein gong og fordom gav, det er sokke ut or kvarmanns minne og kjensle. Men no talar meistrane lett og hagt, for ordi finn dei utan aa stame. Og no kjem tolkingar av ord, krig mot ord med ord, og lærdom um alle slag av tolkingar og ord. Dette har dei gode stunder til no, for livsstraumen er burte.

Ættled etter ættled maa nøgje seg med skalet kring det som eingong var, og nøgjer seg med det. Folket ser – og ser ikkje. Folket høyrer – og høyrer ikkje. For aandsens elv er det stengt med mur. Og det ser ut som elvi no søkk og gaar dulvegar under jordi.

Men nokre stille, vise gøymar i all løynd den himmelske kunnskapen, vaktar og vernar til dess nye tider kjem – daa mannen atter søkjer verdsens midpunkt i sitt eigi bryst. For daa vil elvi atter gaa blank gjennom landet. Daa maa elvi atter strøyme fram.

4.

Gudane døyr kvar til si tid, segjer ein vismann.

Ja, soleis ser det ut. Men den guden som døydde i mannsjelene, han la sitt guddomlege og si oppgave over paa den nye guden som tok makt i sjelene etter han. Og religionen har upp gjennom all saga ikkje døydd ut.

Naar daa hertil kom, at mennesket kunde ikkje vandre lang tid um gongen i det vesle lyset fraa sin kunnskap um verdsens ting, men maatte lyfte seg i tru paa den usynlege verdi, so kjende mennesket religionen vera vegen til sitt sanne heimland.

Difor har storelvi runne gjennom alle aldrar – og i alle land.

RELIGIØSITET

1.

Agen for det religiøse er sermerkt i eldre tider.

Folk tenkte høgt um guddomen den gong, og dei kjende at det heilage var heilagt. Det er ut fraa den stoda at gamle Xenofanes kunde segja: Det finst ikkje noko menneske og skal heller aldri finnast noko menneske, som fær veta sanningi um gudane.

No um stunder kan ein ymist møte noko anna. Ein fjolde menneske tek no eit godsleg liketil kameratskap med den høgste. Soleis har eg nyleg høyrte eit sovore ord lyde fraa ein preikestol: Sjaa no til, gode folk, aa bli fine vener med Jesus!

2.

Tru um det ikkje er faarleg aa føre det høgste heilage namn for tidt i munnen? Er det kan hende slik at ei fin sykologisk lov blir krenkt ved det? – Kan hende ein taper noko med altfor ordrapt snakk om det guddoms høge? Er ikkje blygsla det sløret som jamt har skilt det vesle mennesket fraa den store ufatelege guddom? Er det ikkje kjensle av skuld mennesket har kjent naar det nærma seg guddomen? Og kjensla av det usegjelege?

No um stunder møter ein ymist noko anna. Det kan gaa so vidt som det gjorde paa eit sanatorium for nokre aar sidan: Det er ei frue. Ho er rett velkjend for sitt gudelege huglag. Ein regnversdag møter eg henne paa tunet.

- Har De verkeleg vaagt Dykk ut i dette regnet? helsar eg i farten.

- Ja, no har eg gaatt ein herleg tur – med min kjære Jesus, smiler ho halvt skjemtfullt.

3.

Ein som hadde upplevd Guds stordom og helg so djupt at han var gjenomtrengd av det, han kunde sjeldan nemne Guds namn. Han bar ein age og ein høgvyrdnad so stor at han kunde ikkje.

4.

Kor mang ein maatte ikkje faa den bitre sanning skrive paa gravsteinen sin um det rette ordet skulde vore sagt: Du ulevde liv!

Og aldri oftare enn um tanken skulde gaa paa det religiøse.

5.

Kvi døyr religionslivet aldri ut? Same korleis tidsens tilstand enn er.

Goethe svara paa det i 1832: Paa det materielle underlaget jordi, har Gud den plan aa grunne ein planteskule for aander.

RELIGIONEN

1.

Denne saga har ein stor føremun, ho er sann. Heller ikkje er ho gamal, ikkje fraa fordoms tid, men hender paa ein austlandsgard midt under krigen. Bonden sjølv fortalde det heile, og han hadde upplevt det. Me sat i eit selskap det belet og hadde faatt ein krok for oss aaleine. Gjestene tumla ute i dei andre, større rom, og dansemusikken lua døyvd inn til oss. Han sat noko tjukkfallen der og godsleg. I sofaen. Ein 60 aars mann av alder. I sin ungdom hadde han studera jus; men eit dødsfall gjorde at han slutta med det og tok den store garden. Han hadde klara aa drive garden godt. - Eg hadde Kristus til tenestgut her eit aaret, sa han. Me hadde kome inn paa religionen skuld ein bladartikel me baad hadde lese.

Eg lo aat det. Han lo ogso, men var samstundes litt brydd, so eg skyna straks han meinte noko aalvorleg.

- Akkurat eitt aar og to maanar, la han til. – Det er verkeleg rart naar eg tenkjer paa det. Det var i 1917-18. Og han var paa garden eitt aar og to maanar. Akkurat.

Ein av tenestgutane mine vart skadd. Det var ei helg dette, det hadde vore bilkøring og ein grand fyll. Han maatte underdokter. Det var i vaaronni. Og arbeidshjelp maatte eg ha. So eg fór inn til festekonoret i byen alt maandag, skulde sjaa faa tak i ein mann med same. Det gjekk og stod og sat rett mange mannfolk der inne paa kontoret, og eg sveiv imillom deim og saag etter kven eg helst skulde gaa i tinging med. Eg fær dermed auga paa ein tolleg høgvaksten lys gut som sit stillsam paa ein

stol attmed veggen. Han ser meg ut til aa vera ein kar i 30 aars-aldren. Og det var noko ved guten so eg likte han, noko so fast og paaliteleg. Eg fekk hug til aa leige han. Eg hadde augo etter han og tok det med tol. Det var ikkje utruleg at han sjølv var ein mann som skulde leige folk. Det var uvisst det um han var tenar. Det rekna eg med. Men det var noko ved aasynet og ved maaten han sat paa som gjorde at eg likte han so merkeleg. Og daa stolen attmed han blir tom, set eg meg der. Eg ser han har arbeidshender. Eg gaar straks i prat med han. Det er ein svenskegut, og han søker teneste. Eg byd – ja det kom over meg ein hug til aa vera raust mot han – eg byd 130 kr. maanaden. Han smiler og segjer at hundre kronor kan vera nok. Dette gjorde meg so forundra at eg var vårsam lenge. Men eg leigde han til slutt, og straks me hadde ordna papiret gjekk me i fylgje paa stasjonen.

Soleis kom han i huset. Han heitte Carlson.

2.

Han hadde eit merkeleg lag med hestar som eg aldri har set maken til. Hestane lyfte hovudet og kneggja imot han um dei saag han paa garden eller han kom inn i stallen. Og han svara deim. Han tala til deim – so halvlaagt so og med eit aalvor som tala han med presten. Ein kveld eg gjekk i stallen, dreiv han og stelte, og eg vart staa-ande i dørøpningi. Hestane ét ikkje maten sin, saag eg, dei stod og fylgde han med augo. Til slutt daa han var ferdig med stellet gjekk han fraa speltog til speltog. Han stelte seg like framfor hesten uppe i speltoget, og han og hesten saag

kvarandre inn i augo; han sa halvlaagt at hesten hadde vore flink og «snäll gosse». Slik snakka han med alle. Daa me gjekk ut stallen hørde eg til mi store moro at han ropte attende: «Godnatt då, pöikar!»

Han var elles ikkje av mange ord so til dagleg, og rusla so stilt og roleg med sitt arbeid. I fritidene søkte han ikkje ut som hine gutane, han hadde nokre bøker som han las i, eller han sat paa trammen til drengestugu og røykte snadde.

Men det var ikkje lenge han sat einsam. Dei andre tenestgutane tok til aa søkje lag med han. Dei sat med han paa trammen dei og, og heldt seg inne um nettene og som det leid. Eg skyna snart at han raadde heile garden. Det var baade det eine og det andre eg maatte leggje merke til: Tenestgjentone heldt seg mykje i kjøkkenvindauga og kika burt til drengestugu. Eller gjekk han over tunet, var gjentone reint tankefulle. Og um det so var mi eigi dotter – ja, eg hadde den yngste heime endaa, no er ho gift – so gaadde eg henne rett ofte i vindaugo. Ho var som so tankefull ho og. Ho gjorde færre turar til byen no utetter. Ho hadde mindre hug til aa laga selskap heime og dra ungdom til – ja, eg vil segja som det er at dotter mi gjorde heimen uroleg for meg og kosta reint for mange pengar; ho hadde ikkje godt av skulegonga og artium i byen heller – ho vart eit moderne bymeneske og staaka vel mykje. Eg og dotter mi stod ikkje paa god fot skuld alt dette. Men no hadde ho vorte still og tankefull ho og.

Det verste var -, bonden lo so godt og smakte litt paa toddien – det rare var at eg sjølv hadde faatt slik ans og vyrnad for denne Carlson, at eg maatte ha hans raad og jaord i alle ting snart. Eg heldt rett ut sagt av han.

3.

Kona mi segjer ein dag:

- Kven er han denne Carlson? segjer ho. – Han ser daa ikkje ut til aa vera ein vanleg arbeidar, han.

- So? svara eg. Eg hadde ofte sjølv den tanken.

- Han maa no vel heller vera av storfolk, meinte kona. – Eg trur no heller ikkje han heiter Carlson, segjer ho. – For alt me veit kan han vera prest eller slikt noko.

Dotter mi sit litt raud og lyder paa.

- Eg trur heller at han er offiser, segjer ho. – Heller ikkje er han svensk. Han er tysk.

- Kor har du det ifraa? spør eg.

- Aa – det ser eg paa gangen, let ho.

- Tøys gjente, svara eg reint harm. – Ein rømt tysk offiser? Kan du tenkje deg at Carlson rømer – naar fedrelandet krev han? Nei, daa kjenner du ikkje Carlson.

Daa eg no ser at dotter mi smiler halvt byrg for di eg har skrytt av Carlson, skynar eg at eg har gaatt noko for langt. Eg maa ty til det raadet og gjera ein grand moro med kvinnfolki og svensken.

4.

Eg møter presten ein dag paa vegen til stasjonen. Gamlingen stansar og vil snakke.

- Kva er det for mann – den svenske tenestguten De har? spør han. – Han er ofte i kyrkja. Han syng noko reint makalaust.

- Det finn eg truleg, svara eg.

- Ja, det er sjeldan vakker røyst. Eg tala med han ved meieriet her ein dagen.

Han talar reint bokmaals-svensk. Det mest høgdana svenske. Og heile hans maate – ja,

han er den fint dana mann. Er det Petterson han heiter?

- Nei, Carlson.

- So, det er Carlson. – Gamlingen ser tankefull fram paa hesten. – Har De lagt merke til um han har prospektkort fraa India eller Kina? Prospektkort eller andre ting -? Ja, eg skal segja Dykk, han er so lik bilete av ein svensk misjonsprest som arbeider i India.

Eg er forviten.

- Likskapen er so stor at – at er ikkje denne Carlson mannen som har biletet sitt i misjonsskriftet – so – ja so finst her to menneske i denne verdi som er paa prikken like, sa presten.- Det er underlege tider me lever i. Ein Carlson kan for eitt aar eller to vera noko anna enn det han gjev seg ut for. Stell varleg med han, so er De paa den trygge sida.

5.

Det vart til det at eg fylgde med tenestguten og granska han baade i smaatt og stort. Eg maa segja at han tyktest meg underleg, Meir og meir.

Jamvel hunden min – hunden hadde no halde seg til meg i alle aar – men jamvel han gjekk over til Carlson. Vart reint kjær i tenestguten. Fylgde med han all dagen, og vilde berre halde seg i drengestugu. Og Carlson og hunden – auga i auga sat dei og prata. Carlson tala laagt og aalvorleg. Og hunden skyna det visst.

Men so kom dette med sonen min. Etter det kjende eg Carlson vera meir enn eit menneske.

Son min kom heim fraa kontoret i byen, han var aalvorleg sjuk og doktaren spaadde ille. Me vakte over han i lengere tid. Ein

kveld kom tenestguten og baud seg til aa vaka; det var eg sjølv som sat ved den sjuke just daa, og trøytt som eg var let eg Carlson ta mitt rom attmed sengi. Han sat fyrst og saag roleg ned paa den sjuke, Carlson, strauk guten burtpaa panna ender og daa, og tok handi hans i si. Slik sat han daa eg gjekk og la meg.

Klokka eitt vakna eg, og skunda meg inn i sjukeromet. Der sat Carlson endaa og heldt den sjuke i handi, dørg still. Den sjuke sov roleg. Det var som feberen hadde slept taket.

Eg bad Carlson gaa stad og leggje seg. No skulde eg sjølv vaka til morgons. Og han gjekk.

Lite bel etter vart den sjuke atter uroleg, han vreid og kasta seg, ropte og hadde det vondt. Og som han tyktest aa vakne til klaarare medvet, freista han aa lyfte hovudet. Det var noko han saag etter, han leitte med augo rundt i romet.

- Er han gaatt? spurde han.

- Ja. No skal eg sitja, svara eg.

Um eit bel byrja striden paa nytt. Feber og syner. Eg laut halde den sjuke

ned til puta med makt. Men likso braatt er han klaar; han ser seg ikring.

- Er han gaatt? spør han.

Atter inn i vilska. Han slær ikring seg. Han ropar. Eg veit snart ikkje onnor raad enn aa vekkje dotter mi som søv paakledd i romet attmed. Henne sender eg til aa hente Carlson. Og han kjem – blir staa-ande i døri og sjaa mot sengi. Det var som den sjuke kjende at han var der. Han opna augo, og eg tykte han smilte. Tenestguten sette seg, tok handi til den sjuke, strauk han over panna. No laag den sjuke still. Snart sov han.

Stutt fortalt. Carlson sat ved sengi i 3 døger. Daa var guten frisk, kunde ta mat

og sov roleg. Og nokre vikor etter kunde han atter gaa i plassen sin paa kontoret. Eg skulde skysse han med bil til stasjonen den dagen. Han vilde ta velfar med tenestguten som nett daa stelte med noko burte paa laaven, medan eg sat i bilen og venta. Eg ser dei staar og held kvarandre i handi. Daa sonen endeleg kjem att, ser eg at han har graate.

6.

Carlson hadde vore noko over eit aar. Mest to maanad over aaret. Daa hender atter noko. Han har nett sett ein hest paa stallen, so eg veit han er der. Eg skal gjeva han litt rettleiding um eitt eller anna, og gaar so dit. Men eg stansar paa dørstokken. Inne i eit tomt speltog like inn for døri ligg tenestguten paa kne med hovudet mot trebolken. Han er urørleg still. Eg maa segja at eg kvakk litt med same.

- Er du sjuk, Carlson? spør eg.

Daa retter han seg upp, staar paa kne og ser mot dørøpningi. Over heile aasynet ligg ein ljoske – ei merkeleg lysing. Det baade var Carlson og var ikkje han. Paa meg verka dette soleis at eg vik attover og gaar skundsamt. Eg kjende det paa meg at dette skulde eg ikkje ha set.

7.

Nokre dagar etter – det var endaa ein sundags morgon – stig Carlson inn i stugu. Han er ferdakledd. Han vil beda um lov til aa fara heimatt til Sverige. I rett tid skulde han ha sagt upp, han visste det. Men noko gjorde at han laut fara.

Det kom som eit slag over oss alle. Og

slik saag me ogso ut. Kona mi vart heilt bleik, ho. Dotter mi stod upp og gjekk ut, eg hørde ho gjekk upp trappi og upp paa romet sitt. Eg sjølv sat der reint ut sagt stur og modfallen.

Eg hører at eg byd han dubbel løn, er so at han vil vera. Og han takkar for det. Hadde han lenger kunna vore, var løni han hadde stor nok.

- Dette gjer meg vondt, Carlson, sa eg.

- Vi måste skiljas nu. Jag måste åter vandra, sa Carlson stilt.

Heile garden var samla paa tunet daa han fór. Eg sjølv styrde bilen, eg vilde syne han den æra. Det var ei ugløymande høgtid daa han tok avskil, og det fall taaror gjorde det. Det var ei trolldomsmakt ved Carlson.

Dagane etter kjende me alle at det var ein av vaare som var reist – og han hadde teke noko med seg, noko godt og lukkeleg som me hadde vant oss til.

Det hadde vore fest i over eitt aar. No skyna me det. Det vart noko burte fraa garden – daa Carlson var reist.

MOGNING.

1.

Menneske som har levd sitt religionsliv djupt, dei kunde vera verde aa faa si eigi stille verdshistorie. Nett dei var verde det aa faa si soga fortalt mann i mann fraa gamalt og til no. For dei var saltet alltid.

Men den soga blir kan hende aldri skrive. Det var so faa av deim som hadde eit kjent namn.

Likevel var dei det store og merkelege i sin krins. Det braut straalar ut fraa deire indre. Noko lyst laag i deim og ikring deim. Alle som møtte deim gaadde det. Faa eller ingen ytte det ein tanke eller undra seg det minste over det. Men alle fann det styrkjande og kjende det godt aa vera nær deim.

Det var som ein nærande og svalande straum, som eit bjart vatsfar – desse djupe og mogne. Sjøelve visste dei ikkje um det at dei var ei kjelde som mange drakk av. Og dei som drakk visste det heller ikkje so klaart.

Men dei var so sterkt samla i sitt tilvære av mogning, at dei levde som aandsarv inn i næste ættled, jamvel i tridje led var ljosken ofte ikkje heilt burte.

2.

Den religiøst mogne er i det tilstand me nemner tru.

For tru – maa me veta – er eit tilstand.

Dei er i si tru, desse religiøst mogne. Dei har sett sitt bu der, dei flytter ikkje lenger. Dei staar samla i all sin styrke der. I kvar ny kamp vinn dei.

I tvilen kan ingen setja bu. Tvilen kjenner ikkje til ro, han driv berre paa flytting og vandring, han driv sin mann fraa utsynshaug til utsynshaug – til spæjing, uvisse og etterrøknad. Og paa hjartebotnen legg han alltid att ein daam av otte. Ein gust av uhugnad syg han gjenom sjeli. Den fulle kraft fær dermed ikkje løysing i mannen. Nei, i fylgje med tvilen gaar stendig denne usælt nektande kritikken ogso – og stengjer hugen: Inngangskanalane til det dypste i huglaget blir tepte og tetta.

Romandiktarane lyt faa lov til aa finne tvilaren forvitneleg. Lat dei dikte um han; dei greier det fordi han er uferdig og paa vankande fot mot ei uvisse mogning. Men den mogne som bur i si vise tru, han er for vandesam aa dikte um. Lat daa heller livet kalle paa desse, for livet har slikt ovstort bruk for desse mogne, desse sterke og harmoniske.

3.

I religionslivet jar det jamt vore likeins: Alt kviler paa tru.

Men ikkje den trui som er meiningar, som er den eller hi overttyding; men trui som livstilstand.

Eller med andre ord: Ei tru lik den som vakna og vaks i Bibelens mest heilgotne mann, gamle Abram i Mamre lund. Ei tru lik den som levde i hans eventyrlege overmann, Melkisedek, kongen og øvstepresten. I religionen kviler det alt paa dette slag av tru.

4.

Ein professor i astronomi stod og skjemta paa talarstolen. Berre det at ein professor i stjernekunna er før til aa skjemte, berre det er merkeleg og uventa.

Han skjemta svært over den tingen at me jormenneske – krypane stakar! – innbillar oss at jordballen vaar – stakars vesle klote! – skulde vera som eit sentrum i himmelrømdi. No stod han og fortalde korleis det retteleg hadde seg med stjerneherane og romet der ute. Det gjekk paa med tal so ofselege at ingen av oss vann aa laga seg noko bilete. Det lyddeest og som han og nokre andre hadde funne det ut, det heile. «Me har no funne det,» sa han. «Me har vore hepne og endeleg rekna ut,» sa han.

Noko meir abstrakt enn denne stjernelelæra hans, hadde truleg ingen av oss som sat der vore med paa før. Og endaa verre, det han «visste» skulde me tru. Det skulde me ta for godt og vera trygge paa. Ha nokon røynsle um dette for oss var umogeleg, men tru paa det skulde me. Bak seg hadde han eit manghovda dyr – ein manghovda arbeidsmaur som han kalla vitskapen. Og paa vitskapen skulde me og tru og tilstaa det at jordi vaar var ikkje noko midpunkt lenger.

For meg vart han lærdare og lærdare og dummare og dummare di lenger han heldt paa. So mykje kjende eg daa til den mannen, at han sjølv til dagleg hadde midpunktet sitt her paa vaar klote. Ja, ikkje det heller. Som rimeleg er. Det vilde vore eit umenneskeleg breidt sentrum. Nei, sentrum for hans hug og tanke, ferd og kjensle var nok berre eit studerkammers og to gator i byen, eit laboratorium og ein halvstor forelesningssal. Og ikkje eingong so stor rolle i romet spelte det som retteleg

var sentrum for han. Sentrum hadde han i grunnen berre inne i sitt eigi bryst. Der sveiv hans stille tilvære med sin eigen varme, si eigi rytme. Utan um sitt eigi medvet, utanum sine suter og sin hugnad, sine tvil og sine voner kom han nok ikkje, han heller. Alt det andre var berre veike stjerneblink ute i luftlaget; alt det andre var noko likesælt som han berre visste um.

Verdens midpunkt, det var nok han, det. Og for oss som hørde paa han var verdens midpunkt oss sjølve – kvar i ser. Her sat me like hjelpelaust fast alle. Han som oss – for han var stjernelelærd men ikkje sjelelelærd.

Hadde me no tilstade dette og sagt det til kvarandre med ein liten ironisk smil! So hadde me vel ogso sagt at jordi var midpunktet i universum – av den gode grunnen at her budde me som her var samla.

5.

Tidsens uro, hast og storm. Det er so sant som det er sagt. Men kva ligg under?

Jau, mennesket misser so altfor mykje – kvar einskild misser so altfor mykje kjensla av aa vera verdens midpunkt. Dei driv svært med aa leite seg midpunkt vidt og breidt.

Og samstundes med det er dei utan notid. Mest alle. Faa har lenger makt til aa eigna seg til si eigi notid. Dei har gløymt kunsti aa leva.

Her har me no den delen av mannamengdi som ræser fram i arbeidsofse eller ræser fram og søkjer moro: Dei er paa ferd burt ifraa fortidi. Men traass det stimar tanken attende til det dei just rømer for. Meir fær dei ikkje tid til: Flukt og minne, minne og flukt.

Her har me den delen som er paa traav burt fraa notidi. Stansa dei eit ørlite bel, daa vall notidi inn med ævordoms tone, og dei kom i skjelving og usegjeleg otte. So stansar dei aldri, dei torer ikkje. Dei vil berre gløyme.

Ein stor fjølde er paa kappsprang mot framtidi. Augo staar paa stilk og tunga ut av munnen. Dei ser hildresyner der framme. Og dei kan ikkje skundsamt nok faa naa dit fram – endaa dei ser dagleg at hildresynene alltid vik og alltid held seg seg i synsmaalet. Dei er som forhekksa, dei maa springe.

Ein og annan er det nok likevel som veit aa stanse upp i si notid. So einfeld ho enn er. Dei tek tilværet just i denne minuttet, og dei lever med fritt, rolegt helsugt anddrag. Dei tek mot kvar bidig stund som ein blank drope av sjølve livet, og i denne eine dropen – i denne eine gaava – ligg alt det som er, var og blir. Dei har flytta inn i ævelivet. Desse er dei faa som lever. Og dei kan vitne at livsens staup fløder over.

Anten dei veit det eller ikkje: Dei er dei religiøse.

6.

Det er ikkje so verst med folket her til lands so lenge me har eit klassisk daningsgrunnlag. So lenge me har dette sams grunnlaget for alle. Eg meiner denne daningskjelda: Eg meiner Bibelen som folkebok.

Me lyt vel kaste den voni at me skulde kunne koma so høgt me og som frenden vaar Island. Der har folket to sameigande kjeldor. Fyrst har dei no den norrøne bokskatten som alle drikk av – drikk avdi den norrøne bokskatten er ei aandskjelde for

deim. Dernæst har dei Bibelen paa fager islandsk tunge.

So langt har ikkje me naadd. Men me har daa den eine kjelda, me har daa Bibelen like vel.

Og høg og laag, fatig som rik har tilgang til det same galleri av store og merkelege menneske i Mosebøkene, i Kongebøkene og utgjenom dei fire vangiljebøkene og apostelgjerningane. Alle har enno tilgang til den einfelde og høge filosofi i ordspraaksboki og apostelbrevi. Alle har tilgang til eit utval av høgboeren, udøyleg dikting i salmane, Esaias, Daniel og Openberringsboki.

Folket kan enno møtast paa eit grunnlag av noko aandeleg sameigande. Enno har norsk folkedaning ein raud traad. Eller betre sagt ein gyldig traad fraa mann til mann.

Tru kor lenge dette vil vara?

Jau, det vil vara til dess at religionsundervisingi har vore burte or barneskulane vaare i 15 aar. Men daa vil dette klassiske aalmenngrunnlaget i norsk folkefostring svinne burt.

7.

Det er mange av oss, veit eg, som har stega baade hit og dit og gjort oss kjende med kvar ny social tanke som tok til ords. Me skunda oss, vilde ikkje koma for seint. Her var noko gale. I heile stellet var noko rangt. Verdi hadde det ikkje godt. Og i all tid kunde vel ikkje dette gaa?

Som me daa kom til talsmennene for nyreisingstankane, so møtte me jamt dette same spørsmålet: Kva kan hjelpe? – Og kvar svara og greina ut som han kunde best.

Men anten me no trudde eller ikkje trudde paa mannen, so sprang me likevel

til nye namn, til nye forkynnarar, ny kritikk, ny utmaaling av det me skulde fram til. Og paa sisten stod me der lama i denne ovmengdi av kritikk, av tankar og paastand og framtdismaal. Idealisme og hat volka seg um kvarandre baade i skriftene og i livet; slagord og program og tomt skrik mengde seg i kvarandre. Det var ikkje til aa skilja aat. Det lama oss berre med si ovmengd. Me var her ført ut so langt fraa vaare kjende tilhøve, at me hadde ikkje fast botn for foten lenger – og langt mindre for tanken. Her rusa heile verdi fram som eit kor. Her var ein heit gufs av alt som uroa, her var ei kjensleblending so ovleg at det verka mest som eit dragsog paa oss, og gløggaste vet var tidt mengt saman med villaste draum. So uvisse um «hjelpi» hadde me aldri vore som no.

Du opplevde med dette det steglende som fylgjer verdskrigen i det sociale. Du skyna kva det er for ein kjempesuggesjon som er sett i verksemd og lamar personlegdomen i den einskilde. Men du kjenner og kor veldig og aalvorleg denne sanningi er som skal bryte seg veg gjennom kaos.

8.

Kor mange av oss har ikkje sprunge i møte med kvart eit filosofnamn me berre hørde gjete baade i gamal tid og ny? Alle system vilde me kike inn i. Me hungra etter tankeutsyner.

Den avgjerande hjelpe for denne mannaett – som har det so lite godt – den sanne hjelpeveg maatte ein visseleg faa auga paa her. Hjaa filosofane.

Roleg og grundig tala filosofane. Kvar tala sitt her ogso; kvar tala ut fraa sitt syn eller sin draum eller si oppleving – eller

ut fraa den eller hin autoriteten som han hadde svore til. So stod me paa resten att inne i ein seig, tung dur av lærdom, utsyner, tankar, ordskifte, logikk og ordfrægd. Duren hadde stade paa utan større avbrot i to og eit halvt tusen aar. Flokane hadde tid for tid vorte fleire. Menneske var like usele og uklaare som dei allstødt hadde vore, like lite vise.

Og sjølve stod me der lama, og torde ikkje segja anten ja eller nei.

9.

Aari gjekk. Me kom i hop med alle lag av menneske og med alle slag av menneske. Etter kvart vart det heile meir einfelt. Me saag sjølve:

Dei einskilde menneske var merkeleg so einsame. Dei levde svært mykje – forunderleg mykje som ei lita verd for seg sjølve. For sjølve seg. Eller for seg og sine. Naar alt kom til alt so spelte det store høgtimelege samfundet ikkje so sers inn i livet dei levde, spelte ikkje so sers inn i sorgi og gleder, trui og vonene. Tidt bar den arme paa ei lukka som tyktest unaturleg. Tidt bar den socialt store og veltrygda eit ulukkeleg hjarta og eit mørkt sinn, som stod imot alle kjende lærer. Men mest alle var – naar ein kom deim retteleg nær – dei var halvredde barn som lengta etter aa ha eit kjærlig auga vaktande paa seg. Og i grunnen var det ikkje so himmelstormande problem dei bauta med heller. Nei, i filosofien sin var dei einfelde. Gjerne var det ein to – tre grunnspørsmaal berre, og dei stakk fram hjaa alle.

Hjelpe dei kjende seg hjelpte med, den var og einfelt. Naar dei fekk for seg at eit usynleg guddomsauga fylgde deim, at dei

vandra i ein godvilje – inne i ein godvilje som dei aldri kunde koma utanom – eller det at eit anna menneske elska deim – daa lyfte dei seg fraa kjensla av einsemd og mørkredse og var modige.

Som oftast var menneske lukkelege kvar for seg. Sant er det og at dei plaga kvarandre ofte nok; det var gjerne smaating dei plaga kvarandre med. Men sant er det ogso det at dei hjelpte og trøysta kvarandre; sjeldan var det med logisk tankeføring eller med vise, merkelege tankar dei trøysta. Nei, det var helst med smaating som smil og venlege ord og litt daad i ein liten vanske som laag nettopp daa paa dørstokken.

Nokor ofseleg umsut for samfundet hadde menneske i botn og grunn ikkje. Dei tala ikkje heller um samfundet anna enn naar dei herma bladi – rett nok gjekk det ofte paa med di dei hadde vant seg til aa lesa baade morgon-, middag- og kveldsbladi. Det var fyrst naar ein og annan hadde valt politikken til leveveg eller var æregirug, daa fekk gjerne ikkje han levande fred meir for samfunds- tankar og samfundsumsut, det vart samfundet baade natt og dag for han. Daa brukte dei andre – dei vanlege bra helsuge arbeidsmenneske – dei brukte daa aa setja han for tre aar i eit heradstyre eller paa Stortinget. Paa den maaten fekk dei fred for han upp til to og eit halvt aar um gongen.

Der rusla menneske delte i grender og arbeidslag, og eg er viss um det, at hadde kvar av deim stelt seg soleis mot dei andre som han sjølv skulde likt at dei andre ville stelle seg med han, so hadde alle vore nøgde med kvarandre. Heile samfundsprøblemet vilde vore løyst med det. Og i grunnen var dette ei uskrive reformlov som alle skyna og godkjende – og tenkte paa; men dei tala ikkje um det.

10.

Det skulde vel ikkje vera burtanfor manns makt aa kunne skipa seg soleis til, at her vart mat, hus og klæde for alle, arbeid for alle og frukt av arbeidet for alle. Det skulde vel ikkje liggje utanfor det kaar som verdi kan by, at naar det fyrste og mest naudsynlege for alle er kome alle i hand, daa ogso faa ei sømeleg opplæring for alle, og den rimelege vyrdnad for baade aands- og kropps- arbeidarar. Alt dette maatte mannaætti kunne få til. Gjennom nokre tusen aar. Det høyrer til det ytre alt saman dette; det er jordi – dette som mannen er kalla til aa tukte og styre med si hand.

Men det er burtanfor manns makt aa faa menneske lukkelege med dette. For menneskesjeli kjem med i spørsmålet naar talen er um lukka, og sjeli krev meir enn alt det som politikk, socialt arbeid og rettferdig økonomi kan faa til.

11.

Striden er no førd ut fraa primitive krav um mat og fritid, nyting og makt. Manna-kampen staa enno ikkje høgre. Og han vil lenge staa her.

Men det er ikkje naudsynt at striden skal bli staa-ande her alle ævelege tider. Truleg kjem der ein dag at den materielle delingi av jordi er førd vel og heppeleg til endes. Alle har nok eller like mykje. Striden paa dette punktet skulde daa liggje attanføre.

Men komen dit, daa byrjar truleg striden for aalvor: Ein ny og forfælande krig.

Daa byrjar striden millom sjelene med so mange løyste krafter som me no ikkje veit

av. So lenge livskampen laag i det primitive, var det mykje i sjelene som vart døyvt ned og halde bunde – baade av vondt og godt. Men no daa det primitive er lagt bakanfor – no løyser dei seg desse kraftene til den store ota. Her kjem ein ny maktkamp som er utenkjeleg for oss i dag. Her vil skje sjelelege fall som er utenkjelege, sjeleleg lidning vil den eine føre over hin etter sjelelege pinemaatar som me ikkje anar i dag. Men ogso ei motmakt av godt og kjærleg og evig byggjande vil vera i ovring. Me kan vera trygge paa det.

Denne gaatefulle kampen vil føre mannaætti gjennom merkelege sjelerøynslor og sjeleprossar. Og kampen vil ende med at ætti staa fram skirsla og aandeleg mogi til slutt.

Men daa lyder vel ogso ei røyst, og ho segjer: Før det mogne kornet over paa den nye aakeren. Det skal saast i ny jord – til ny voksterkamp.

I AVLEN

1.

Mannaætti er i avlen enno. Skapingi av mennesket gaar for seg.

Og den indre traaden i verdsens soge er nok den at sjølv mennesket blir forma seint og smaatt og ubøygeleg etter ei plan me ikkje meir enn anar. Og rekna etter det staa me enno i fyrste sogebolken, i Genesis.

Men inne i mannahugen ligg det ein gamal fager draum: Eingong vil mennesket staa fullferdig. Daa vil ein ny bolck av livslaupt ta til.

Fær jordi skoda den fullferdige mannaætt? Ja. Skulde alle dei store ha drøymt faafengt?

2.

Har me for lenge gløymt burt aa røkje etter lovne og kraftene just i denne skapingssoga aat mannaætti?

Det ser i all visse ut til, at mange no kjenner at her har me forsømt oss. Det er vel ein av grunnane til at me no granskar religionane med so stort aalvor. Og finn det vera so viktig aa dra fram religionane si soga. Her har me ogso den psykiske gransking i alle sine greiner som freistar aa finne kva mannasjeli gøymer i sitt djup. Her er deim som freistar aa fata rasesjel og folkesjel og utslagi dei tek seg – og gjennom tidene har teke. Kan hende aller mest klaart kjem det fram i pedagogiken i vaare dagar at mennesket enno er i si sterkaste skapingstid, difor all denne dryfting, all denne kritikk, all denne tru paa nytt og trong etter

nytt. Um det so er den seinare filosofi, so er der eit audsynt attervende til den tenkjingi som bygg lover for praktisk livskunst.

Det er audsynt at den kjensla er vaki i oss no, at guddomsviljen i universum er ikkje paa langt nær ferdig med aa skapa mennesket. Det har ogso bryte fram att – dette gamle – at mennesket sjølv er kalla til aa vera med aa fullskapa mennesket.

3.

For mine augo ser det ut at klaarleggingi av mennesket som sjel – og klaarleggingi av mannen si oppleving av ein guddom, det blir sjølv hovud- vetskaperen millom vetskaperane. I lang tid utetter.

4.

Naturvetskaperen um dagen leider med stor kraft mot religionen. Eg kjenner sume som ikkje kan naa religionen paa annan veg enn just gjennom naturvetskaperen. Den overtyder, den opnar for deim.

Og eg maa segja at eg forstaa deim. Ja, det er lett aa forstaa: Naar ein no ser at skaparviljen ikkje er ferdig paa langt nær med aa skapa jordi vaar – eller sagt romsleg: universum – so gjev det forundring. So gjev det age. Og bankande hjarta. Universum er og i avlen. Den store kunstnarhandi formar framleides. Her er universelle arbeidsplanar i full ovring, og me – me staa midt i verkstaden. Framvokster, forvandling og umvandling ruslar paa natt og dag i roleg gang ut gjennom heile den mangfelte verd. Ein blir høgtideleg av aa tenkje paa det. Det er som ein høyrer omen av det gamle

ordet: Herrens myllesteinar mel seinleg!

Dei kan ikkje hegde seg no mange, dei skrimslar ein guddom bak dette veldes verk. Rett nok er det vel ein guddom noko annleis enn den som forne tider saag. Men ein guddom er det. Ein løynd gud, rettare sagt. Det dei ser er ikkje guden sjølv men lysningi av han i Kosmos. Guden gaar gjennom sitt rike ved dag og ved natt. Paa det er det tusental vitnemaal. Og mangt eit notidsmenneske bøygjer seg vyrdsam og skodar i faret.

Me skal ikkje nekte det at sjølve gudsumgrepet er kome i avlen ved dette.

5.

Religionskrisa i tidi no er det vel det beste at me freistar aa fata. Me kunde elles lett koma paa den tanken at det er gudløysa som hertek verdi.

Nei, det er nok innarst inne det at religionen er i ferd med aa skapa seg um. Det er det at menneske har forvandla seg i sumt, og her er nye utsyner kome til. – Daa kjem jamt religionen i avlen. Det høyrer med til visse tidsbolkar det at den raadande religionen blir ført i avlen.

6.

Just med denne lysande gud som naturvetskapen gjev oss kjenning av fylgjer ein

veikskap. Veikskapen har ikkje roti si i guden, men i mennesket soleis som det no eingong er. Han er so vid og so utenkt umæleleg, denne guddomen, so ovleg i si høgde og dypte, so uskyneleg veldig i si formande opphavs kraft, so fjerr med sitt tolmodige bruk av aarmillionar – at han kan ikkje koma menneske tilmøtes naa det er mest armt, naa det er i einfeld naud og har sorgens dagar. Han er ei lys kjempesky av kraft og lov og livssumm, men han kan ikkje grense seg inn og taka eit andlet som mennesket kjenner liknar sitt eige. Han kan ikkje trøyse, og mennesket søker alltid trøyse hjaa Gud. Han er for stor i same mun som havet er stort. Eit armt menneske kan ikkje samle han inn til ei kjærleg, etisk makt som har guddoms milde røyse og hjelparhender – og nærmar seg mennesket utan aa knuse det. Dei fleste vil bli ulukkelege og einsame under denne universelle kraft-guddomen, dei vil kjenne seg vera burtkomne barn som aldri før. For alle linor og grensor er tekne burt, dei vinn ikkje aa halde fast eit Guds andlet. Nei, det vil bli folkevandring burt fraa denne guddomen. Dei fleste vil traa attende til den gamle personlege Gud som tala til federne. Det er visseleg ei lov um inngrensing ogso i religionen. Ogso naa det gjeld gudsbiletet.

Mennesket i jordiske kaar maktar visst ikkje aa tumle med eit større og vidare gudsumgrep – enn Gud som faderen.



Olav Sletto på Slettanskamben.

Foto: Jens Sletto.